

REFERAT DIGITALT MØTE I AK 08.03.2021 (MØTE NR. 06)

TILSTADES: Roger, Magne, Peder, Nina, Erik og Per Asbjørn.

TID OG STAD: 19.00-21.00 på Teams.

SAK 41 19-21: Evaluering av sesongen, planar for resten av sesongen og komande sesong.

- God kontinuitet og utvikling hos utøvarane frå august til desember.
- Reisebelastning i haust er i stor grad kompensert ved trivsel, mestring og utvikling.
- Lokale samlingar ber meir preg av utfordring med kontinuitet på trenarsida. Mangel på fast trenar gjer oppfølging krevjande, den gode utviklinga stagnerer hos enkelte.
- På grunn av restriksjonar har det vore utfordrande å gjennomført krinstrening og samlingar, samtidig som alle renn har blitt utsatt. Ved fleire skisenter har treningsforholda også vore krevjande. Dette ser ein pregar utøvarane, og ein er skeptiske på kva dette gjer med motivasjonen til dei aktive.
- Resten av sesongen må ein berre ta veke for veke sidan trenarsituasjon, tilgang på bakke og evt restiksjonar gjer det usikkert og utfordrande med planlegging. Det same gjeld vårsesongen, det meste er usikkert, men Roger tar på seg å lage eit opplegg.
- Endringa ved at AK, ved Roger, har teke over planlegging av krinsaktivitet viser seg å vere altfor arbeidskrevjande av fleire grunnar.

VEDTAK:

Organiseringa av krinsaktivitet neste sesong må endrast. Ulike alternativ er fast trenar som tek eigarskap til opplegget, kjøpe oss inn med andre klubbar, samarbeid med andre skikrinsar eller nytte private treningstilbod. AK arbeider med saka med mål om å kunne skissere ulike alternativ på Vår møte til skikrinsen

SAK 42 19-21: Trenar- kapasiteten i fylket.

- Krinsen har tildels hatt tilgang på Eilert og Anders for dei eldste utøvarane, og nokre yngre trenarar for dei yngste utøvarane. Utfordringa er tilgang på faste trenarar vi kan planlegge med gjennom heile sesongen.
- Klubbar ynskjer å kurse eigne trenarar, men kursa er for omfattande til at nokon vil på kurs.
- Krinsen ynskjer å utdanne nye trenarar, men kan ikkje ta trenarane vekk frå klubb.

VEDTAK:

Skikrinsen må involvere seg for å tilby korte og lokale kurs for trenarar i klubb. Krins og klubb må samarbeide om trenarkapasiteten, men eit særleg fokus må vere retta mot dei yngste i nokre år, slik at ein skapar større rekruttering og breidde. AK arbeider vidare med konkrete forslag til Vår møte i skikrinsen. AK har ein del nye namn på trenarar ein vil forhøyre seg med.

SAK 43 19-21: SPV utøvarstipend.

Leiar informerte om bakgrunnen for årets nominering av kandidat til stipendet i 2020-2021 sesongen, og kvifor vi avviker frå tidlegare års praksis. Kandidatar vart diskutert og evaluert .

VEDTAK:

AK er samstemte i val av kandidat. Leiar lagar ein begrunnelse for val av kandidat, basert på diskusjonen i møtet, og sender denne over til adm.sjef som legg den inn i søknaden om utøvarstipend frå SPV.

YMSE:

- Tok ei runde å hørte kven som tok attval. Leiar oppmoda om at ein burde tenke kontinuitet.
- Møtedato for neste møte i AK vart sett til måndag 22.mars. Leiar lagar forslag til sakliste å sender ut for innspel om andre saker. Adm.sjef kallar inn til møte.

Referent:

Per Asbjørn